



Vestland fylkeskommune

Att:

Postboks 7900

5020 Bergen

## Blom Fiskeoppdrett AS - Uttalelse til søknad om flytting og endring av anleggskonfigurasjonen på lokalitet 13704 Vikane i Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 03.02.2023 frå Vestland fylkeskommune og søknad frå Stim AS på vegne av Blom Fiskeoppdrett AS om flytting og endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet 13704 Vikane i Masfjorden kommune.

---

**Fiskeridirektoratet ser ikkje at søknad om flytting og endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet 13704 Vikane representerer vesentleg auka konfliktpotensial med utøving av fiske.**

---

### Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS søker om løyve til flytting og utviding av anlegget på lokalitet 13704 Vikane. Vestland fylkeskommune skriv følgjande om søknaden:

*«Søknaden gjeld flytting av akvakulturanlegget på lokalitet Vikane til ny plassering som er sett av i arealdelen av kommuneplanen til Masfjorden kommune. Anlegget vert også utvida til totalt 8 ringar på lokaliteten og anlegget vert dreia 90 grader i forhold til dagens anlegg. Overflateanlegg med merdar og forflåte ligg innanfor område avsett i akvakultur i arealdelen av Masfjorden kommune sin kommuneplan».*

### Planstatus

Sjøområdet Blom Fiskeoppdrett søker om å flytte anlegget til, er sett av til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Masfjorden kommune. Sjølve anlegget vil liggje innanfor akvakulturområdet, men fleire av fortøyinglinene vil strekke seg utanfor og inn i område med føremål fiske og føremål fleirbruksområde i KPA.

### Fiskeridirektoratet sin rolle i saken

Fiskeridirektoratet gjev fiskerifagleg uttale til søknader om akvakulturløyve, jamfør laksetildelingsforskriften § 8-3 tredje ledd. Vi kan også uttale oss om miljøpåverknad frå akvakultur, med bakgrunn i ansvaret vårt for akvakultur-tilsyn og oppgåver knytt til vassforvaltning.

## Fiskeriinteresser i sjøområdet

Registrerte fiskeplassar og fiskeressursområde kan sjåast i Fiskeridirektoratet sin kartløyising [Yggdrasil](#) under karttema 'Kystnære fiskeridata'. Miljødirektoratet sin registrering av marine naturtypar kan og sjåast i kartløyisinga under karttema 'Marint biologisk mangfold'.

Det er registrert fiskeplassar frå Sørkvingevågen og inn i indre del av Austfjorden. Sesongmessig fiske etter makrell er vanleg i heile Austfjorden, og vanleg fiskereiskap er snurpenot. Ved sidan av notfiske går det føre seg fiske med tradisjonelle fiskereiskap som garn, line, ruse og teine. Denne type fiske går føre seg gjennom heile året og det er stort innslag av fritidsfiskarar som deltek. Springdata frå fiske som Fiskeridirektoratet har tilgong til, underbygger også at det går føre seg fiske med både aktive og passive reiskap i fjorden. Vi ser likevel få spor etter fiske i sjøområda som grensar til oppdrettsanlegget som er etablert på lokalitet Vikane.

Mellom Hope og Kvingo i Austfjorden har Havforskningsinstituttet registrert gytefelt torsk. Gytefeltet er vurdert til å være av lokal verdi i medhald av kartlegging av marint biologisk mangfald.

## Fiskeridirektoratet sin vurdering

Anlegg på lokalitet 13704 Vikane består i dag av 5 ringar som er lagt ut langs ei rekke parallelt med land. Det har vore drift på noverande lokalitet sidan slutten av 1990-talet, og vi er ikkje kjent med at verksemda har vore i vesentleg konflikt med næringsmessig fiske. Flytting til ny lokalitet ca. 300 meter nord for eksisterande anlegg og utviding av anlegget med 3 ringar vil medføre auka arealbeslag, og anlegget med fortøyingsliner vil også kome lenger ut i fjorden. På bakgrunn av det vi veit om drift av anlegget fram til i dag og kunnskapen vi har om fiske i fjorden, ser Fiskeridirektoratet likevel ikkje at søknaden representerer eit vesentleg auka konfliktpotensial med utøving av fiske.

Med helsing

Tom Hansen  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

## Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
------------------------	---------------	------	--------

## Kopi til:

Blom Fiskeoppdrett As	Ulvøyvegen 130	5337	Rong
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Masfjorden Kommune	Austfjordvegen 2724	5981	Masfjordnes



**Kopi til:**

Mattilsynet

Statsforvaltaren i Vestland

Stim As

Sør-Norges Fiskarlag

Felles postmottak

Postboks 383

Njøsavegen 2

c/o Lofoten Bio Centre

Storeidøya 60

Postboks 936

2381

6863

8370

6001

Brumunddal

Leikanger

Leknes

Ålesund

KOPPI

